

# Rapport 2. driftsår

Saukjøtt, ja d e gøtt !



## Aktivitetar og milepeler i 2013

### ✓ Deltakerar i prosjektet

Prosjektet er opent. Meiner at ein del av suksessfaktoren ligg her. Den enkelte sauebonde, nystartar og ungdom i “tenkeboksen” kan nytte dei tilbod som finns utan nokon form for plikt. Pr dag er det vanskeleg å talfeste deltakerar. Vil i sluttrapporten lage ei matrise med oversikt over deltakerar på dei enkelte arrangement. Ein gjennomgang av dei enkelte “utbyggingane” vil også bli utarbeidd. Har ynskje om å tilby interessante tema og arrangement for sauebonden, også i avslutningsåret 2014

### ✓ Kontakt og samarbeid med andre

Samanlikna med andre delar av landet er ikkje sauemiljøet i Telemark stort. Men me kan være glad for engasjementet og gode sosiale møteplassar. Prosjektleiinga har lagt vekt på samarbeid med andre, som også tilbyr sauebonden tenestar, som er med og legg til rette for utvikling. Det være seg aktørar som tilbyr varer og tenester, men også meir tenesteytande. Samarbeid med Søve Vidaregåandeskule

- Delta på møte der ein vert invitert for å orientere om prosjektet.
- I samarbeid med Nortura SA – Rådgjevingstenesten for sau
- I samarbeid med organisasjonane i landbruket i Telemark
- I samarbeid med Landbrukstenester Telemark
- I dialog med Seljord veterinærkontor
- Dialog med Notodden Turlag – merking av tursti
- Bidragsyter til “Festdag for folk og fe” i Vestheiane sankelag.
- Bidragsyter ved fjøsopning hjå John Vegard Storhaug og Stine Langen i Bø

### ✓ Organisering av beitelag

***“Samvirkelova trådde i kraft 1. januar 2008. For eksisterande lutlag, samvirkelag og andre selskap med begrensa ansvar som er bygd på samvirkeprinsippa, medfører dette en del endringar. Endringane for eksisterande føretak trer i kraft ved utgangen av 2012.***

***Alle selskap med begrensa ansvar (BA) må endre organisasjonsform til samvirkeføretak (SA) og innrette seg etter reglane i den nye samvirkelova før 1.1.2013.”***

“Sauekjøtt, ja d e gøtt” fekk ideen til å nytte Landbrukstenester Telemark SA under fagturen “Bygg og beite” til Oppland i år 2012. Prosjektets 1.år.

**Landbrukstenester Telemark SA** er frå 01.01.2013 godkjent som beitesamlag/beitelag av Fylkesmannen i Telemark.

Beitelag som ynskjer det kan da gå inn i **Landbrukstenester Telemark SA**. Laga melder opphør til Brønnøysundregistra. Mal for melding om opphør ligg på NSG sine heimesider.

Kva inneber dette:

- **Landbrukstenester Telemark SA** står for utlønningar for beitelaga, betaling av rekningar og rekneskapsføring i kvart beitelaget. Landbrukstenester Telemark SA vil stå som søkjar for beitelaga om ulike tilskot eller anna økonomisk støtte som kan vera aktuell.
- Kvart beitelag har ein eigen konto i **Landbrukstenester Telemark SA** sitt rekneskap. Ulike tilskot, lønnsutgifter og andre driftsutgifter blir ført mot denne kontoen gjennom året.
- Sidan **Landbrukstenester Telemark SA** er momspliktig vil også beitelag med omsetjing under momsgrensa nå få refundert moms.
- Kvart beitelag skal ha eigne vedtekter som regulerer rettar og plikter mellom medlemne og dagleg drift.
- Kvart beitelag skal ha ein leiar som har ansvaret for den praktiske drifta og vera kontaktperson mot **Landbrukstenester Telemark SA**.
- Leiaren skal forplikte for beitelaget overfor **Landbrukstenester Telemark SA** med si underskrift og saman med dagleg leiar i **Landbrukstenester Telemark SA** eller den han har gjeve fullmakt der det måtte vera naudsynt eller ynskjeleg, t.d. på tilsetjingsavtaler for løna tilsyn.
- Leiaren i det enkelte beitelag skal føre liste over aktive medlemar, tal dyr på beite, bistå **Landbrukstenester Telemark SA** med medlemslister ved søknad om tilskot og fordeling av kostnader mm.
- Leiaren ordnar innkjøp av driftsmidlar (saltsteinar mm). Innkjøp blir fakturert til **Landbrukstenester Telemark SA** med beitelaget sitt namn og leiaren som referanse.
- Beitelaget skal kvart år ha møte innan utgangen av mars for å evaluere siste år, planlegge drifta for komande år og velja leiar og eventuelt styre. Det skal førast møtebok og utskrift skal sendast til **Landbrukstenester Telemark SA**

Beitelaget og medlemne sine rettar og plikter som kunde/medlem i Landbrukstenester Telemark SA, er regulert i vedtektene for **Landbrukstenester Telemark SA**

Pr utgangen av 2013 er der 14 beite- og sankelag som har takka ja til dette tilbudet.

### ✓ Fadderordning for nye bønder

Generelt sett er sauebonden i Telemark svært positiv til å hjelpe fram nye sauebønder. Prosjektet har pr. i dag ikkje klart å få på plass ei organisert fadderordning. Har i staden “kobla” nokon som fungerer på det uformelle plan. Mykje av rådgjevinga har skjedd innafor etablerte rådgjevingsorganisasjonar som Landbruksrådgjeving Østafjells og Nortura. Arbeidet som vert gjort i væringane med å skaffe gode avlsdyr, og formidle dette, er eit godt bidrag innafor tema avl.

### ✓ Kurs i grovfôrdyrking på Morgedal Hotel 15-16 mars 2013

Knut Volland la opp til eit svært omfattande kurs som tok for seg alle sider av grovfôrdyrkinga. Kurset var spesielt tilrettelagt for nye bønder. I innleiinga til kvart kapittel vart det gjeve ein definisjon av ord og uttrykk. Det er lett å bruke eit stammespråk som ekskluderar. Dette løyste Knut på ein framifrå måte.

Tema som vart belyst: Jordkultur, bruken av enga, ensilasje, fornying av enga, gjødsling til eng og beite, gras mm, grovfôr kvalitet, kalk og handelsgjødsel, plantevern, sauegjødsel og økologisk produksjon.

Under samlinga kom tanken om at dette var like aktuelt for dei som har drive i lengre tid som desse ferske. Planla å ta oppatt tema ved eit anna høve.



### ✓ Fjøsopning hjå John Vegard Storhaug og Stine Langen 30. mars

Midt Telemark sau og geit hadde i samband med John Vegar og Stine sitt nye fjøs skipa til medlemsmøte. Det møtte om lag 35 personar. Noko som må seiast å være veldig bra. Etter visninga heldt møte fram på Felleskjøpet i Bø. Nortura SA bidrag med pølser og Torhild Sisjord fekk tid til å snakke om lammeringar, sauekontroll og ikkje minst orientere om prosjektet. Muligheiter og tilbod 😊



### ✓ Ope møte om innreiningsløysingar for sau, på Morgedal Hotel 19. april, i samarbeid med FjøsSystemer AS

Møte vart halde i ei tid på året der sauebonden er klar for lamming. Det til tross møtte det ca. 20 stk.

### ✓ Folkehelseaktivitetar og friluftsliv

1: Møte mellom Notodden Turlag, Frisklivskoordinatoren i Hjartdal Kommune og Saueprosjektet 21. mai

Etter litt sondering på telefon vart alle parter enige om å ta ein prat i samband med aktivitetar som kunne være til felles nytte og gagn. Prosjektet har ynskje om å rydde og merke ein sti frå Breivatn til Bondal. Den går innom Landskapsvernområde Brattefjell Vindeggen. Notodden Turlag gjer sonderingar i samband med dette. Muligheit for å gjennomføre prosjektet og eventuelle krav og retningslinjer. Hjartdal Idrettslag er forspurt om dette er ein aktivitet som er interessant å delta på. Fyrste tilbakemelding var positiv

2: Bygging av kloppe i område til Hjartdal Sankelag (Åto- Butjønn)

Hjartdal Sankelag har behov for kloppe i sitt langstrakte beiteområde. Det er i 2013 søkt, og fått tilsegn om støtte til å gjennomføre dette tiltaket. Tiltaket vil omtalast i sluttrapporten.

Kulturlandskapsenteret har i 2012 utarbeidd ein skjøtselsplan for stølsområde i Brattefjell- Vindeggen

## ✓ Markvandringar, vårbeite sau med meir juni 2013

Knut Volland og Torhild Sisjord deltok på alle arrangement. Det var lagt opp til enkel servering.

### Markvandring 28 mai hjå Mette Haugholt og Gunleik Berge

Formålet med vandringa var å sette søkelys på utnytting av det vårbeite som kvar enkelt har tilgjengeleg. Utfordringar i samband med snyltere og sommarbeite på innmark. Her på bruket er det pr. i dag ca 50 vfs. Vårbeite på ny eng samt mulighet for beiting på nyridda innmarksbeite. Det er reglar for kva som må til av vekster for at det kan definerast som innmarksbeite. Det møtte 10 stykker på vandringa.



## Markvandring i hjå Ole Hans Lien i Tessungdalen 3. juni 2013

Me var 9 stykk som fekk denne opplevinga ein vårkveld i juni.



Ole Hans Lien tek oss med på ei vandring i kulturlandskap.

Delar med seg av si store interesse for beite, husdyr og kulturhistorie

Eit beite som vert nensomt skjøtta gjennom vår og haustbeiting med sau og hest. Sølvbunke vert «halde i sjakk» med hjelp av beitepussar, der det er mogeleg.



Turen gjekk langs den gamle bygdevegen. Frå plass til plass, oppi den bratte lia.

Her var spor etter gammalt virke kvart eit steg me tok.



For å klare og halde eit så fint kulturlandskap har Ole Hans både sau og hest.

Som ein av svært få har Ole hans grå trønder. Dei vart i si tid redda ut frå slaktebilen. I ettertid har det dukka opp nokre fleire individ. I dag tel det totale tal grå trønder i Norge ca 600 dyr.

Takk for ei stor oppleving !



## Markvandring hjå Mia marie og Sven Ruben Gøyttil i Vinje 10. juni

Som siste markvandring med tema vårbeite fekk me lov å komme til Mia og Sven Ruben Gøyttil i Vinje. Veggen svinga av mot Ravnejuvet. Det var spennande å oppleve slik vill natur og kulturlandskap i dagleg bruk. Paret har lagt ned eit formidabelt arbeid i form av ny veg og no, nytt fjøs. Det er bare å takkke for at me fekk lov å komme og ynskje dei lukke til vidare.



Mia orienterar om drifta på garden og det nye fjøset med plastrister, høytørke og system for blautgjødselhåndtering.



## ✓ Støtte til arrangement i samband med neddrivingsdagen i Fardal (Fyresdal)

Vil berømme Vestheiane sankelag for den måten dei invitera alle til å delta på dette “eventyret” som skjer kvar haust. Det vart utarbeid ein skriftleg invitasjon. Face book vart nytta til bekjentgjering. Bondekvinnelaget stilte opp som matlagarar og ingrediensane til lapskausen vart betalt av prosjektet. Takkar for eit godt tiltak som er med på og opne næringa mot resten av samfunnet.

### Sauesank i Vestheia 2013



Er det noen som har lyst til å være å gå i en sauesankers sko så er dere hjertelig velkommen til å være med.

- En trenger ikke å være i toppform, men kunne tåle en dags gåing.
- Første dagen i sanken er i Nordheia 31. august, da vil vi gå nordheia. Fra Ramsvatn-Berevatn til Borggrend.
- Fra mandag til fredag påfølgene uke er d sank hver dag og det er bare å hve seg med en eller flere dager.

#### Lørdag 7. september

Selve neddrivings dagen. Da skal vi drive igjennom den store samlehegen vår og drive sauene ned til Fardal på den gamle stien over «Brureferda». Det er en flott tur og vi kommer ned til samleheia i Fardal rundt kl 13.

Vi håper å kunne få med oss rundt 2000 dyr i drifta, så d er ei av de største driftene i Telemark som kommer samlet ned slik.

I Fardal er det salg av lapskaus, brus og andre ting som er godt for ganen

#### PÅMELDING:

- Grunnet organisering av transport må vi ha påmelding.
- Ring eller sms til Guro 95747786 eller Ann Kristin 90204413
- Det er en fordel om dere kan ha med sikringsradio selv. Kart får dere utdelt
- Utstyr: gode støvler/sko, jakke og niste

- ✓ **Fagmøte “framtidig sauehald krev rett behandling av innvollsnyltarar” med Atle Domke, Spesialveterinær, PhD på Granvin kulturhus i Seljord 16. oktober**

Dette var eit tema som har vore ettersurt over lang tid. Da både av sauebønder og veterinærer. Var heldig å få Atle Domke som foredragshaldar denne kvelden. Det møtte ca. stk. 45. Det var møtedeltakarar frå heile fylket. Bønder, veterinærer og mattilsynet var til stades. Alle hadde noko å lære. Tilbakemeldingane var eintydig positive.

Legg ved eit lite samandrag.

- Bruk rett medikament, i rett dosering og med rett inngjevingsmetode og teknikk
- Det anbefalast at all sau som har vore på beite året før, behandlast mot innvollssnyltarar før dei sleppast på vårbeite.

Ved innsett om hausten

ELLER

Før lamming



## Behandling ved innsett

- Fordel
  - Får tatt livet av de voksne (og til dels de i dvale) rundormene som lever i mage- og tarm
    - Redusert utsmittning av værbeite
    - Redusert diaré i inneforingsperioden
    - Bedret næringsopptak
    - Økt fôr-utnyttelse
    - Bedre potensial for god råmelks- og melkeproduksjon
- Minus
  - En del rundorm kan overleve behandlingen
  - Seleksjon for resistens?




## Behandling rett før lamming

- Fordel
  - Får tatt livet av de voksne (og en god del av de i dvale) rundormene som lever i mage- og tarm
    - Redusere/hindre utsmittning av værbeite
    - Øker fôr-utnyttelse
    - Får tatt livet av flere rundorm (?)
- Minus
  - Redusert fôropptak og fôrutnyttelse
  - Dosering? Skal doseres etter vekt!
  - Håndtering drektige dyr
  - Resistens-seleksjon?



## Aktuelle behandlingstidspunkt lam/fjorlam/voksne

Egg per gram per måned for lam, fjorlam og voksne søyer




### ✓ Avlsarbeid på sau

Avlsarbeid på sau er eit viktig tema. Skal ein oppnå måla i prosjektet, *betre kvalitet i saueproduksjonen, lammevekt og klassifisering ved slakting*, er der viktig at avlsarbeid vert ein del av drifta. Mange tenker at dette er noko væringane driv med. Ja, ringen sitt formål er og skapa størst mogleg avlsframgang på sau som ein del av Norsk Sau og Geit (NSG) sitt avlsarbeid. Men denne avlsframgangen skal ut i bruksbesetningane i form av sal av kåra lam og avkomstgranska væ rar. For Telemark sin del er kåringane i Rauland og Sauland samt værutstillinga i Seljord, med tilhøyrande auksjon, arenaer for dette. Dette er også svært viktige sosiale og faglege møteplassar.

Kåring på Rauland



Bilde frå kåringssjå på Kleppen i Sauland



Beste værane på værutstillinga i Seljord hausten 2013

### 1: Insemineringskurs for sau på Sørve 1. oktober

Kvart år vert det gjev NSG tilbod om insemineringskurs lokalt. Det krev at nokon tek hand om den praktiske tilrettelegginga. NSG stiller med instruktør, Marit Johanne Apeland og fagleg opplegg. Det var naturleg å legge dette kurset til Sørve. Der er egna undervisningsrom, og ikkje minst sau som kunne nyttast til praktisk prøving.

Kurset hadde 12 deltakarar, derav 7 frå Telemark.



### 2: Fagtur til Staur for og sjå på årets tilbod av seminværar.

Det var 10 deltakarar med på turen. Halvparten av deltakarane skulle prøve seg som inseminørar for fyrste gong.

Bruk av semin gjev deg mulighet for å nytte dei beste avlsdyra i landet, i din besetning.

### 3: Telemark sau og geit si haustsamling 1-2 november

Saueprosjektet hadde ansvar for programmet. Det var omlag 30 deltakerar på samlinga. Fredag ettermiddag var satt av til to foredrag innafor tema sauavl

- Fargegenetikk på spælsau!  
Kva avgjer kva for farge spælsauen har?  
Eirin Rauø er sauebonde frå Aust-Agder, som har sett seg veldig godt inn i temaet.
- Avl i bruksbuskap  
Nyttige tips frå sauebonde Jon Lilleslett frå Hol i Hallingdal
- Grovfôrkurs med Knut Volland, Landbruksrådgjeving Østafjells  
"Penger å tjene med godt grovfôr"

### ✓ Driftsplanlegging og økonomirådgjeving

Det er her Joachim Skogsrød sin 40 % stilling har blitt nytta. Supplert av prosjektleiar i enkelte tilfelle. Pågangen har vore stor, og mange føler nok at ventetida har blitt lang. Håpar at alle vil få hjelp, eller ei samtale, før prosjektperioden er over. Utifrå dette vil ein tilrå at tilbudet vidareførast ut prosjektperioden.

### ✓ Individuell rådgjeving

Under møteserien, i starten av prosjektet, kom det fram eit betydeleg ynskje om individuell rådgjeving. Det vart også bruka begrepet "lågterskeltilbod". Dette er eit tilbod som "går på utsida" rådgjeving økonomi og driftsplan. Det er her snakk om all type driftsrådgjeving. Avl, føring, helse, mindre forbetringar innafor bygg og innreiing. Dette tilbodet har, i stor grad, blitt gjeve av det eksisterande rådgjevingsapparatet i NLRØ og Nortura. Vert inntektsført som eigenandel i prosjektet.

Ein oversikt over driftsplanlegging/økonomisk støtte gjennom Innovasjon Norge.

	Prosjekt	Aktivitet	Omfang	Økonomisk støtte IN	Status for prosjekt
1	Björg T Hopland	Driftsplan og Generasjonsskiftesøknad	150 vfs	250 000	pågående
		Individuell Rådgjeving			
2	Jon Aslak Austjore	Generasjonsskifte søknad.			
		Individuell rådgjeving	300 vfs	150 000	Pågående
3	Trygve Straumsnes	Driftsplan og BU søknad	250vfs	330 000	Pågående
		Individuel rådgjeving			
4	Kjell Ambros Folkestad	Driftsplan og Bu søknad	120vfs?	220 000	Pågående
		individuell rådgjeving			
5	Barbro Stordalen	Driftsplan og Bu søknad	150vfs?	900 000	Under tak d.d
		Individuell rådgjeving			
6	Robin Dalen	Driftsplan og Bu søknad	100vfs	310 000	Har fått inn sau.
		Individuell rådgjeving			
7	Bjørn Arve Nordbø	Driftsplan og Bu søknad	80vfs	450 000	?
				125 000	?
8	Ida S. Heggveit	Generasjons skifte søknad	150vfs	295 000	Har begynt med sau.
		Individuell rådgjeving			
9	Sverre Nordaberg	Driftsplan og Bu søknad	Geit	410 000	Pågående
10	Jens Jacob Bleikelia	Driftsplan og Bu søknad	150vfs	470 000	Pågående
		Individuell rådgjeving			
11	Anders Evja	Driftsplan og Bu søknad	150vfs		Send inn.
12	Håvard Jønnardalen	Driftsplan	300vfs	900 000	Pågående
		Individuell Rådgjeving			

Har i tillegg ei lang liste over brukarar som har fått individuell rådgjeving på ulike plan.

### ✓ **Søknad om støtte til skadefellingslag.**

Sommaren 2013 var vanskeleg med tanke på rovdyrangrep. Angrepet av ulv midt på sommaren løyste ut eit behov for og sjå på måtar å handtere slike situasjonar. Telemark sau og geit kalla inn til eit hastemøte om situasjonen 16. juli 2013. Det møtte representantar frå organisasjonane og kommunane Seljord og Hjartdal.

Det vart gjeve ei orientering om måten jakta har blitt løyst på i Hjartdal. Læringskurva er bratt i denne situasjonen. Det er viktig å stå “betre rusta” neste gong dette skjer. Det bør være eit skadefellingslag med spisskompetanse, på fylkesnivå, tilgjengeleg når angrep frå store rovdyr skjer. Desse bør komme dei lokalt forankra jegerane/sauebøndene til hjelp.

På møtet blei det lagt fram planer om å etablere eit fast «Skadefellingslag for Telemark». Det var tilslutning til et slikt forslag på møtet.

TSG ønskjer å greie ut om grunnlaget for eit slikt lag, og søkte dermed om FKT-midler.

TSG fekk bistand av saueprosjektet og Eivind Ørnes med søknaden. Ein søknad som vart positivt handsama av Fylkesmannen i Telemark med 100 000,-

### ✓ **Økonomikurset “ Betre Bonde” med Ole Kristen Hallesby vart dessverre avlyst pga. liten interesse**

### ✓ **Sluttord**

Har også gjennom dette året hatt kontakt med mange sauebønder, i alle alderar, og med ulike utfordringar. Har hatt stor glede av å registrere at interessa for prosjektet held seg oppe. Utfordring å finne tema som samlar folk. Stor spenning var det knytt til interessa for “snyltarmøte” i Seljord Til store glede kom det fullt hus.

Rapporten syner at det er mange ting som er satt i gang. Budsjettet med tilhøyrande tiltak syner den aktiviteten som prosjektleiinga og styringsgruppa ynskjer å ha i 2014.

Utnytting av innmark- og utmarksbeite kan være suksessfaktoren. Avslutningsåret i prosjektet vil vektlegge arbeidet med ein informasjonsperm til hjelp for beite- og sankelaga. Her vil ein finne mykje av informasjon som trengs i den daglege drifta. Håpar å kunne presentere denne på eit arrangement i samband med beitesesong 2014.

Landbruksrådgjeving Østafjells vil i samarbeid med prosjektet gjennomføre møter om gjerding, beiterett og gjerdeplikt i Telemark. Problemstillingar om gjerding og beiterett er stadig eit heitt tema, og er ikkje blitt mindre aktuelt dei siste åra.



Saukontrollen er eit styringsverktøy sauebonden bør ta meir i bruk. I midten av februar vert ein ny og moderne sauekontroll lansera. Saukontroll som hjelpemiddel i samband med KSL vert belyst på eit møte saman med KSL revisor Ester Ryen Traen.

Årsmøte i Telemark sau og geit ynskjer å fokusere på “Hi-Tech”bonden.

Vise ulike samarbeidsformer og eksempel på fellestiltak vil bli belyst i 2014.

Mykje av den individuelle rådgjevinga som vert ytt i prosjektperioden kjem gjennom samarbeidande organisasjonar

Prosjektet har eit mål om meir bruk av utmarka til bl.a enkelt friluftsliv. Vonar at samarbeidet med Notodden Turlag, Hjartdal og Vestheiane Sankelag vil gje resultat også i 2014

Det har berre vore gjennomført eit styringsgruppemøte i 2013. Det kan framstå som lite. Det har vore stor, og god kontakt med styringsgruppa sine medlemmar da representantane møtast på mange ulike arenaer. Vonar dette sjåast på om godt nok.

Styrkje produsentmiljøet og fellesskapen blant sauehaldarane er ein særst viktig del av det eit slikt prosjekt skal legge til rette for. Det er ein av dei varige verdiane som vert skapt. Det og trivast i næringa. Trivast saman med kollegaer, å ha nokon det fell seg naturleg å be om råd hjå.

Som eit tilbod til dette samt fagleg utbytte på område kulturlandskap og beite er det planlagt tur til Sveits 8-12 august 2014. Programmet er klart. Har her samarbeid med Idereiser as. Har vore i kontakt med andre fylkeslag av NSG som har reist på same måte, og med tilsvarande program. Tilbakemeldingane er gode. Viser til søknaden innleiingsvis og vonar dei sparte midlar i 2013 kjem bl.a turen i 2014 til gode.

Vonar året, som me nett er i gang med, vert eit godt år for sauebonden og landbruket generelt.

